



Svanøy, 29. februar 2024

Rapport - samarbeidsavtale mellom Vestland fylke og Stiftinga Norsk hjortesenter 2023

– Meir Viltkjøt Vestland





Innleiing

Den 6. januar 2023 signerte Vestland fylkeskommune og Norsk Hjortesenter samarbeidsavtale for å jobbe for å nå følgande målsettingar:

Samarbeidsavtalen skal medverke til å realisere mål og strategiar for næringsutvikling knytt til hjort slik dette er formulert i følgjande gjeldande regionale planar: Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 og Berekraftig verdiskaping handlingsprogram 2022-2025. Temaplan landbruk 2023-2027 peikar på at det er rom for å auke både mangfald og verdiskaping i Vestland fylke. Viltkjøt er ein utmarksressurs som i mindre grad vert omsett i den kommersielle marknaden. Avtalen skal bidra til å styrke arbeidet på dette feltet og utvikle hjortekjøt som næringsveg i heile verdikjeda.

Norsk Hjortesenter sine oppgåver i samarbeidet var å vidareføre arbeidet som vart starta i forprosjektet «Meir viltkjøtt», bidra med kompetanse og kunnskapsformidling, arrangere møte og samlingar i samarbeid med fylkeskommunen.

Aktivitetar i 2023

Arbeidet i 2023 har skjedd i nær dialog med Vestland fylkeskommune. Næringsutvikling er langsiktig arbeid som krev kontinuitet, og er mest effektiv når både det offentlege, FoU-institusjonar, interesseorganisasjonar og private aktørar bidreg i eit samarbeid for å utvikle ei næring. Viltkjøtnæringa i Vestland er lita og til dels fragmentert, med liten grad av samarbeid mellom aktørane. Aktivitetane i samarbeidsavtalen mellom Norsk Hjortesenter og Vestland fylke er designa for å få til eit slikt samarbeid, og for å bidra til å utvikle næringa vidare. Det er også gjort ein innsats for å forankre dette arbeidet politisk i Vestland fylke og for å synleggjere næringa. Milepelar for arbeidet i 2023 er lista i tabell 1.

Tabell 1: Milepelar i 2023 for samarbeidet i «Meir Viltkjøt Vestland».

Aktivitet	Dato	Deltakarar
Lage og gjennomføre spørjeundersøkingar, intervju, rapportskrivning og analyse	Februar-august, Vestland	Norsk Hjortesenter, Mind the Gap, Statsforvaltaren, AgriAnalyse
Møte i referansegruppa	30. august, Svanøy	Referansegruppa
Arbeidsverkstad	19-20. oktober, Bergen	Næringsaktørar, Mattilsynet, Statsforvaltaren, kommunar
Søknad om Samarbeidsavtale 2024-2026	15. oktober	Norsk Hjortesenter
Nasjonalt webinar om viltkjøt	22. november, Norkurs	160 påmeldte frå heile landet
Orientering om Meir viltkjøt Vestland til politisk nivå i VLFK	6. desember, Svanøy	Leiar og nestleiar, Hovudutval for plan og næring

Spørjeundersøking – moglegheiter og flaskehalsar

I denne aktiviteten samarbeidde Norsk Hjortesenter med Vestland fylke, Statsforvaltaren i Vestland og Mind the Gap. Som ledd i å forstå næringa og identifisere potensielle flaskehalsar for å utvikle næring basert på hjort, vart det initiert eit arbeid for å gjennomføre ei spørjeundersøking bland aktørar i hjortenæringa i Vestland. Samstundes som Hjortesenteret byrja på dette, starta AgriAnalyse eit nasjonalt prosjekt med likelydande mål. For å ikkje belaste aktørane med fleire parallelle spørjeundersøkinga var det naturleg å samarbeide med AgriAnalyse om utforminga av undersøkinga og dele resultatane.

I tillegg til å gjennomføre ei undersøking retta mot næringsaktørane, utforma vi også ei spørjeundersøking retta mot kommunane.

Spørjeundersøkingane vart gjennomført ved elektronisk utsending der aktørane svarte på spørsmåla digitalt. I tillegg intervjuar vi ei rekke kommunar og besøkte alle næringsaktørane. Dette gjorde til at vi fekk svært høg svarprosent og god innsikt i deira kvardag og kva utfordringar aktørane står ovanfor. Nokre hovudpunkt frå undersøkinga er vist i figur 1.



Figur 1. Nokre viktige resultat frå undersøkingane hjå viltkjøttaktørane og kommunane. Sjå vedlagde rapportar for å sjå alle resultat og analyser frå undersøkingane.

Resultata frå undersøkingane har blitt vist for referansegruppa i prosjektet, på arbeidsverkstaden for hjorteviltaktørane 19-20. oktober og i det nasjonale webinarer vi arrangerte 22. november. I tillegg har resultata frå Vestland blitt innarbeidd i AgriAnalyse sin sluttrapport: Betre utnytting av viltkjøtt som en ressurs for næringsutvikling i Distrikts-Norge: - En analyse med utgangspunkt i den lokale kjøttbransjen (Wærp og Sørheim, 2024).

I tillegg til å vere med som vedlegg i denne rapporten, vil dei også publiserast offentleg på Hjortesenteret si heimeside 11. mars.



Referansegruppa – ressursar som kan bidra til å utvikle næringa

Følgande organisasjonar var representerte i referansegruppa: Kommunar: Kinn, Alver og Sunnfjord. Interesseorganisasjonar: Norges Jeger- og Fiskeforbund (NJFF), Norsk Hjorteavlforeining, Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag, og Vestland Bondelag. Offentlege aktørar: Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland. Kompetansebedrifter: Stiftinga Norsk Hjortesenter og AgriAnalyse.

Referansegruppa vart samla til fellesmøte på Svanøy den 30. august. Her vart dei viktigaste resultatane frå spørjeundersøkingane presentert og drøfta. I tillegg kom referansegruppa med innspel på problemstillingar å jobbe med for arbeidsverkstaden og webinarret i oktober og november.

Søknad om samarbeidsavtale 2024-2026

Næringsutvikling innan utmarksressursar er ei av oppgåvene som ligg til Vestland fylke. Norsk Hjortesenter har kompetansen til å bidra til dette arbeidet. Eksisterande samarbeidsavtale var ein eittårig samarbeidsavtale. Dette er ikkje ein eigna avtaleperiode for eit så langsiktig arbeide som næringsutvikling er. Norsk hjortesenter vart difor oppmoda om å søke ei 3-årig samarbeidsavtale med Vestland fylke. Dette var ein open konkurranse med søknadsfrist 15. oktober. Vår grunnhaldning er at næringslivet skal vere i førarsete når det gjeld å utvikle ei næring då det er næringsaktørane som tek økonomisk risiko. Søknadsfristen var før den planlagde arbeidsverkstaden der aktørar skulle diskutere og prioritere fokusområde for dei komande åra, og vi kunne difor ikkje vere særleg konkrete på aktivitetar i søknaden for 3-årsperioden. Likefullt vart vår søknad innvilga, men med halvering av omsøkt beløp. Vi jobbar no (2024) vidare med å sikre ei betre finansiering frå andre kjelder i det vidare arbeidet. Første delmål i arbeidet er å etablere ei næringsklynge for hjortekjøtt i Vestland.

Arbeidsverkstad – samarbeid og næringsklynge

Denne vart arrangert på Thon Hotel Flesland. Presentasjonane frå samlinga vil verte publisert som del av sluttrapporteringa på Hjortesenteret si heimeside 11. mars. Førebuingar og endeleg planlegging av program samt invitasjon av gjesteforelesar vart utført av ei prosjektgruppe med Norsk hjortesenter og Mind the Gap. Delar av referansegruppa vart også involvert i dette arbeidet.

Arbeidsverkstaden sitt fokus var å utvikle samarbeid mellom aktørane for saman å utvikle næringa gjennom å arbeide som ei næringsklynge.

Nasjonalt webinar – potensiale for næringsverksemd basert på viltkjøtt

Programkomiteen for webinarret bestod av Norsk Hjortesenter, Vestland fylke, AgriAnalyse NJFF, Bonde og Småbrukarlaget og Vestland bondelag. Endeleg program bestod av tre bolkar og til saman ni forelesarar. Hovudoverskriftene var: Webinar 1 – Status for viltkjøtt-næringa i Noreg og Vestland. Webinar 2 – Næringsverksemd basert på hjort. Webinar 3 – Viltkjøtt som utgangspunkt for rike matopplevingar.

Om lag 160 personar melde seg på seminaret, og minimum 50 personar følgde kvart av foredraga. Tittel på dei ulike foredraga kan du sjå [her](#).

Politisk forankring

Løyvingar for arbeidet med å utvikle viltkjøtt-næringa ligg til Hovudutval for Næring i Vestland fylke. Dette utvalet har vore engasjert i arbeidet med å utvikle næring frå hjortevilt og leiar for



utvalet har mellom anna delteke på samlingar. I 2023 vart det valt inn nye fylkestingsrepresentantar til utvalet som fekk både ny leiar og ny nestleiar. Det var difor naturleg å invitere desse til Svanøy for å verte orientert om hjort, forvaltning og næringsutvikling basert på hjorten. Leiar og nestleiar vart difor invitert til Svanøy 6. desember og fekk omvising på Hjortesenteret og faglege orienteringar om ei rekke tema.

Rekneskap for 2023

I rekneskapen for avtaleåret er det på finansieringssida teke med det finansielle bidraget frå Vestland fylke og noko av eigeninnsatsen som næringsaktørane og referansegruppa bidrog med gjennom deltaking på arbeidsverkstaden i Bergen, sjå tabell 2. Av inntekter/utgifter i prosjektet som ikkje er belasta prosjektet er det på sin plass å nemne at bidragsytarane for det faglege innhaldet på webinarret 22. november gjorde dette som eigeninnsats. Statsforvaltaren stilte også med møterom i samband med dette. Største enkeltpost i rekneskapen er utgifter knytt til konsulentbistand frå Mind the Gap ved William Fagerheim. Dette har vi vurdert å vere vel brukte pengar då Fagerheim er dyktige på prosess, strategi og klyngesamarbeid, kvalitetar som kjem godt med i eit langsiktig næringsarbeid.

Tabell 2: Rekneskap for kontantstrøm i prosjektet. Eit større arbeidsbidrag frå mellom anna Statsforvaltaren, AgriAnalyse, referansegruppa og føredragshaldarar kjem ikkje fram av denne rekneskapen og er å rekne som eigeninnsats/finansiert av andre kjelder.

Aktør	Ffinansiering
Vestland Fylkeskommune	500 000
Deltakaravgift arbeidsverkstad, næringsaktørar	39 100
Sum:	539 100
Aktivitet	Kostnad
Konsulentbidrag Mind the Gap	335 119
Arbeidsverkstad	59 911
Webinar, streamingkostnader	6436
Utgifter Norsk hjortesenter: Timar, reisekostnadar, revisjon og andre driftskostnadar	137 634
Sum:	539 100

Rekneskapen til norsk Hjortesenter vert revidert av Deloitte og revisjon skjer kvart år i mars månad. Revisorgodkjenning av rekneskapen vert ettersendt.

Sign:

-dagleg leiar Norsk hjortesenter



Vedlegg:

Rapport 1: Kartlegging av godkjente viltanlegg

Rapport 2: Kartlegging av kommunar om hjortekjøtt som næringsvei

Denne rapporten samt alle vedlegg og presentasjonane frå arbeidsverkstaden vert publisert på [Norsk Hjortesenter si heimeside](#) si heimeside 11. mars 2024.